

Arne Torp:

## FAGNEMNDA I NORSK SPRÅKRÅD -EIN FORSVARAR AV STATUS QUO?

Då Norsk språknemnd i 1972 blei avløyst av Norsk språkråd, var hardkjøret i dei to føregåande tiåra frå riksmålssida mot samnorskpolitikken ein av dei viktigaste grunnane til at dette skjedde. Det såkalla bundne mandatet for Norsk språknemnd om å drive «tilnærming på norsk folkemåls grunn» blei nå erstatta med ein «tilnæringsparagraf» som var såpass rundt formulert at også riksmålsrørsla kunne godta han. I denne paragrafen heiter det at Språkrådet skal «følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen.»

Som me ser, er dette ei langt meir forsiktig formulering enn i den bastante tilnæringsparagrafen som galdt for Norsk språknemnd. Likevel er det klart at formuleringa om at Språkrådet skal «støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen» i det minste inneber at Språkrådet ikkje skal *motarbeide* tilnærminga.

Eg har nå tenkt å vere litt lei mot Språkrådet, og særleg då mot fagnemnda. Eg vil ta fram eit tilfelle frå 1988 som syner korleis nemnda reagerte på eit framlegg frå underskrivne. Det var vel kanskje inga stor sak, men eg trur likevel ho kan vere symptomatisk for den haldninga som rår i fagnemnda i dag når det gjeld den slags reformframlegg som det her er tale om. Framlegget mitt gjekk ut på å ta inn desse valfrie formene både i bokmål og nynorsk:

- 1) fortidsformer som *brøyt* og *skøyt*;
- 2) partisippformer som *bryti* og *syngi*;

### 3) ordformer som *høl* og *køl*.

Av desse tre delframlegga er det utan tvil det første som har det breiaste talemålsgrunnlaget: Former som *brøyt* og *skøyt* finst i dag i bymål i alle delar av landet, og dessutan i mange meir «moderne» bygdemål. Partisippformer som *bryti* og *skyti* finst derimot bare i byar og bygder på Sørøstlandet, og former som *høl* og *køl* er også meir geografisk avgrensa. I den følgjande drøftinga vil eg derfor konsentrere meg om fortidsformene på *øy* – *brøyt* og *skøyt*.

Påfallande nok ser det ikkje ut til at desse *øy*-formene noen gong har vore drøfta på alvor av rettskrivingskomiteane. Spesielt underleg i den samanhengen er det professor Mikjel Sørli seier i ein mindretalskommentar til *Framlegg til ny læreboknormal 1957*: «En bør være oppmerksom på at partisippformer som *bryti* og *frysi* lett vil trekke fortidsformer som *brøyt* og *frøys* etter seg.» (*Framlegg 1957* s. 136). Kva slags «ulykker» Sørli meinte slike former ville føre med seg, sa han dessverre ingenting om. Hos «vanlege» bokmålsbrukarar har heller ikkje skrekken for desse formene vore på langt nær så stor som hos filologane, for stadig vekk ser ein slike former brukte i skrift, og grunnfagsstudentane mine i nordisk blir støtt veldig overraska når eg fortel dei at *øy*-formene verken er tillatne på bokmål eller nynorsk – og at dei heller aldri har vore det.

Derimot blei eg aldri så lite overraska då eg oppdaga at nokre *øy*-former faktisk har vore tillatne i den uoffisielle *riksmålsnormalen* – nærmare bestemt frå 1956 til 1973 – altså midt under den heitaste riksmålsagitasjonen mot «samrøringa». Og dette var såvisst inga «arbeidsulykke» heller, for i «Introduksjon til nyutgaven av riksmålsordlisten» (1964) kommenterer redaktøren André Bjerke desse formene særskilt:

Forøvrig har listens redaktører aldri vært engstelige for «folke-  
målsformer» hvor de kan tjene til en berikelse av uttrykks-  
mulighetene. [...] Vi har også opptatt dialektformer som  
hverken er tillatt i nynorsk eller bokmål, f.eks. *gøyv*, av *gyve*,  
som familiær forsterkende stilvariant (ved siden av *gjøv*). I  
denne utgaven er dessuten sideformene *føyk*, av *fyke*, og *røyk*,  
av *ryke*, tatt inn. Det dreier seg her om såkalte «vikske»  
former (fra dialektene rundt Oslofjorden); de har aldri funnet

nåde for rettskrivningskomitéene, fordi de ikke lar seg innordne under prinsippet om «tilnærming mellom dei to skriftmåla»; i offisielt bokmål satses det altså på variantene *gauv*, *fauk*, og *rauk*. Vi på vår side behøver ikke å bekymre oss om en tilnærming som for riksmålets vedkommende aldri har funnet sted. Vi kan nøye oss med å registrere det som alltid har vært vårt sprogs kraftreservoar: tilsiget fra østnorsk.

Bjerke har utan tvil rett i at grunnen til at Riksmålsforbundet kunne finne på å ta inn former som *føyk* og *røyk*, er den at dei er brukte jamvel av folk som snakkar «dannet østnorsk» – som «folkemålsformer til berikelse av uttrykksmulighetene», som han uttrykker det. Derimot har han altså ikkje rett i at desse formene er spesielt «vikske» lenger – tvert imot bør dei heller kunne kallast landsgyldige, for å bruke Knud Knudsens uttrykk.

Likevel har dei altså aldri «funnet nåde for rettskrivningskomitéene», som Bjerke nemner, og etter 1973 har dei ikkje funne nåde i Riksmålsordlisten heller. Stort betre gjekk det ikkje med *øy*-formene i fagnemnda i Språkrådet i 1988: Framlegget fall med ei mot tre røyster både i bokmåls- og nynorskseksjonen. Påfallande nok var det likevel fleire av medlemmene i *begge* seksjonane som meinte at *øy*-formene ville høve framifrå i den *andre* målforma!

Personleg kan eg til ein viss grad forstå dette synet ut frå nynorsksynsstad: *Øy*-formene er – førebels – først og fremst karakteristiske for bytalemål og talemål nær byar, det vil med andre ord seie i område der bokmål er det skriftlege hovudmålet i skolen. Dersom ein meiner at nynorsken bare skal spegle av talemålet i dei delane av landet der nynorsken i dag er hovudmål, er det då ikkje rimeleg å ta *øy*-formene inn i den nynorske skriftnorma. Dersom ein derimot meiner at nynorsken *generelt* bør spegle av vidt utbreidde talemålsformer, stiller saka seg annleis. Og dersom målfolk for alvor vil prøve å overtyde byfolk om at nynorsken også ligg nærmast *deira* talemål, finst det ingen veg utanom *øy*-formene – men nynorsk i byane er kanskje ein bleikna utopi i dag?

På bokmålssida meiner eg derimot uviljen mot *øy*-formene bare kan forsvarast ut frå eit heller *ekstremt* riksmålsstandpunkt – jamfør det synet «liberalaren» André Bjerke målbar i 1964. Nå trur ikkje

eg at fleirtalet av bokmålsrepresentantane i fagnemnda er ekstreme riksmålsfolk, langt derifrå. Kva kan så grunnen vere til at dei likevel vraka desse formene i 1988?

Personleg trur eg Språkrådet – og fagnemnda – framleis er «sjokkskadd» etter det som skjedde på normeringsfronten i 50- og 60-åra. Den gongen greidde riksmålsrørsla å overtyde store delar av folket om at tilnærmingspolitikkk var om lag det same som stalinisme – eit ord som let like ille her i landet den gongen som ordet kommunisme gjer i Aust-Europa i dag. Då bokmålet blei såkalla liberalisert i 1981, tok ein som kjent inn att mange tradisjonelle former, men *ingen tilnærmingformer blei strokne*, trass i sterke ønske om nettopp det frå visse hald. I dei seinare åra har det dermed i visse tilfelle vore «progressivt» eller «radikalt» å gå inn for status quo i rettskrivingsspørsmål! At dette standpunktet i andre tilfelle passar bra for dei som verkeleg vil «forsvare det bestående», seier vel seg sjølv. Resultat: Både konservative og radikale kan semjast om det greie prinsippet: minst mogleg forandringar.

Nå kan ein sjølv sagt synast at me har hatt nok av rettskrivingsendringar her i landet – svært mange meiner nok nettopp det. Likevel seier altså føremålsparagrafen at Språkrådet skal «følgje utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen.»

Personleg kan eg knapt tenke meg noe betre bidrag til å etterleve det pålegget som ligg i denne formuleringa enn å legalisere øy-formene – i alle fall på bokmål: Den som følgjer «utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk», vil lett kunne konstatere at det her dreiar seg om former som er på frammarsj i talemålet, og som dessutan ikkje sjeldan blir brukte i skrift *i strid med* den offisielle normeringa, slik me har vore inne på. Øy-formene ville altså på ingen måte bli «ordlistefyll», slik det ofte blir hevda om mange andre radikale former – dei står i ordlista, men blir aldri brukte i praksis. Med øy-formene er det akkurat omvendt – dei står ikkje i ordlista, men blir ofte brukte likevel, i alle fall på bokmål. Dette var sjølv sagt også grunnen til at desse formene i si tid blei tatt inn i riksmålsnormalen, slik André Bjerke tydeleg gav uttrykk for i sitatet ovanfor.

Ein kan derfor sjølvst sagt gå inn for *øy*-formene på bokmål *utan* å vere samnorsktilhengar.

Like sjølvst sagt er det etter mitt syn at ein må gå inn for *øy*-formene i *begge* måla, dersom ein vil fremme tilnærminga. Nå har *au*-formene vore tillatne i bokmål frå 1938, men det ville vere ei overdriving å seie at dei har hatt noen særleg suksess. At nynorsk noen gong skulle finne på å ta inn *ø*-formene frå bokmål, er sjølvst sagt heilt utenkeleg. Dermed burde det vere klart at det er *øy*-formene som representerer «utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen», slik det heiter i føremålsparagrafen.

Når fagnemnda altså likevel valde å vende tommelen ned for *øy*-formene i 1988, ser eg det som eit prov på at normeringsorgana framleis er redde for ein ny «foreldreaksjon» dersom dei skulle komme med forslag som luktar aldri så lite av «samnorskpolitikk». Etter mi meining er det liten grunn til å frykte noe slikt frå ein foreldregenerasjon som har vore gjennom dialektopprør på 1970-talet og bare har eit reint anekdotisk forhold til «vandaliseringa» av den klassiske litteraturen i skolebøkene på 1950-talet. Det språkpolitiske klimaet i dag er ikkje det same som for førti år sidan. Dessutan *trur* som sagt svært mange at desse formene alt *er* tillatne! Noe ramaskrik er det altså svært liten grunn til å vente når slike former blir tillatne – for det blir dei nok snart – ikkje noe normeringsorgan kan i lengda gå på tvers av gjengs språkbruk i samtida.

Etter mitt syn kan det nå vere grunn for Norsk språkråd til å vurdere situasjonen på nytt etter at bølgjene frå 50–60-talet har lagt seg. Eit språkråd som bare er ute etter å forsvare «det til enhver tid bestående», har svikta ein viktig del av den oppgåva som ligg i føremålsparagrafen.